



Rolf Helge Hellebø
Åmundsleitet 97
5115 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16973 - 20/69489

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
02.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 345/27

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 345/27
Tiltakshavar: Rolf Helge Hellebø
Ansvarleg sækjar: Rolf Helge Hellebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.10.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er i følgjebrevet til søknaden opplyst at profildekkingar av vegen blir sendt etter at den er godkjent. Det er naudsynt at profilane følgjer søknaden sånn at kommune kan vurdere at stigninga er tilfredsstillande. Som ein hovudregel bør ikkje stigninga vera meir enn 1:8. Om tiltaket krev vesentleg terrengingrep, er det naudsynt å sende inn ein søknad med ansvar.
2. Det går fram av følgjebrevet til søknaden at det er planlagt å knyta eksisterande fritidsbustad til kommunal VA-anlegg. Om du har planar om å etablere VA-ledningar i vegen, bør dette sækjast om i same søknad.
3. Etter det som kjem fram i søknaden er det søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp. Vedtaket frå vegavdelinga kan med fordel leggjast med når du sender inn supplerande dokumentasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **05.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rolf Helge Hellebø
Rolf Helge Hellebø

Åmundsleitet 97
Åmundsleitet 97

5115 ULSET
5115 ULSET